# DEN NORSKE KYRKJA
## Klepp sokneråd

Kleppevarden 2
Postboks 101
4358 KLEPPE
Kontonr. 3290.07.71265
Org.nr. 976 993 551 MVA


Kleppe 14.03.2016

# Møteprotokoll årsmøte Klepp sokn 2015

Årsmøtet vart leia av soknerådsleiar Maria Friestad Bergseth Sikkeland, referent var Ingunn D Aandal. Lise-Ingeleiv Grunnaleite og Ivar Slettebø vart oppnemnd til å underskrive protokollen.

**Årsmelding 2015:**
Soknerådsleiar gjekk gjennom desse punkta i årsmeldinga

- Helaften
- Gudstenesta – den viktigaste samlingsplassen for kyrkjelyden.
  - Dåp, trusopplæringstiltak på gudstenesta
- Trusopplæringsplanen vart sendt inn før jul, men fekk nokre kommentarar på ting som må utbetrast. Ny versjon vert sendt før påske 2016.
- Kyrkjevalet – full liste for første gong si omlegging av valordninga.
- Gudsteneste på Jærhagen
- Stand på Klepp24 – møtte mange folk – fekk mange gode samtalar
- Aktivt konfirmant- og ungdomsarbeid
- Synkande dåpstal
- Søndagsskulen – aukande oppmøte. Treng meir plass.
- Gjevartenesta – viktig å tenke på at dersom alle er med og drar lasset så når ein langt med små enkeltbeløp.
- Fokus – samlingar om fellesskap. Ønskjer å fortsetja desse samlingane.
- Klepp stasjon kyrkjelyd – har pussa opp pakkhuset. Representant frå soknerådet kan møte på styremøta til styringsgruppa.

Nestleiar informerte om økonomien for 2015

- Økonomien er god, men det ligg utfordringar framføre oss.

**Kyrkjemusikk**
Kantor Ola Sotnakk gjekk gjennom punkta i årsmeldinga for kyrkjemusikk.

- Konsertar
- Babysong – utfordring å finna leiar til dette. Dette er ein fin innfallsport for mange til trusopplæringa og kyrkja generelt.
- Ny samlebok
- Treng fleire folk til lovsongsgudstenestene
- Orgelet treng grundig service –dette er på overtid.

**Plankomité for ny kyrkje**

Leif Solberg informerte om arbeidet som plankomiteen hadde i 2015. Plankomiteen vart danna for å drive vidare arbeidet med tomt og ny kyrkje. Stiftinga Klepp nye kyrkje fortset med å samle inn pengar til ny kyrkje og drive PR.

- Møter med kommunen
- Har fått midlar til planarbeid frå kommunen
- Varsla nytt møte med riksantikvaren

**Stiftinga Klepp nye kyrkje**
Sidan Leif Solberg har trekt seg frå stiftinga for å gå inn i plankomiteen , så trengs det erstattar for han.
*Vedtak:*
*Rolf Bergseth var vald inn i Stiftinga Klepp nye kyrkje.*

**Økonomi Stiftinga Klepp nye kyrkje**
Rolf Bergseth informerte om økonomien for 2015 der det vart samla inn rundt 600.000 kr.
Det er viktig å vere synleg – dette viser seg i ulike dugnadar:

- Nordsjørittet
- Jule- og påskeverkstad på Jærhagen
- Lotteri
- Loppemarknad

Ref. Ingunn D Aandal

Lise Ingdeir Grunnaleite
18/3 16 Klepp

30/3-16
Ivar Slettebø